

# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 34/2010

Møtedato: 25.8.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Reguleringsplan for Vaset sentrum, 2. offentleg ettersyn

Fast utval for plansaker ved tok i møte den 24.06.2010 å legge reguleringsplanen for Vaset sentrum ut på 2. gongs offentleg ettersyn, jfr sak PL-24/10.

Kommunen skriv følgjande om endringane:

*Endringane er å korrigere planføresegn opp i mot dei standard føresegn kommunen i dag nytter, samt at sentrumsområdet er justert noko for å få fleire parkeringsplassar knytt til sentrums-gateløpet. Vidare er skiløypa/hotelltomta justert noko i tråd med Oppland fylkeskommune sin uttale.*

*Planalternativet som reduserte dyrka mark er take ut, samt at det er komme inn eit nytt alternativ der sentrums-gateløpet er justert noko med at det får ein vridning midt på.*

*Eventuelle merknader må sendas skrifteleg til Vestre Slidre kommune innan 6 veker, dvs innan 27.09.2010.*

Fjellstyret gjorde følgjande vedtak ved 1. gongs offentleg ettersyn:

*Fjellstyret ser positivt på ei etablering av sentrumsutbygging slik det er skissert i planen, og har følgjande merknader til planen:*

1. *F/N1: Fjellstyret støttar stølsbrukar sitt syn på omregulering av stølsjordet, og frårådar at dette blir omregulert grunna omsynet til jordvern.*
2. *H1: Grunna omsyn til naturvern- og friluftsinteressene meiner fjellstyret at det ikkje er rett å leggja ut utbyggingsareal nedanfor vegen Vaset-Mukelie. Fjellstyret tilrår at dette området framleis blir reservert til LNF-område.*
3. *SA1: Fjellstyret meiner føreslege plassering av naust ikkje er det beste med omsyn til naturvern- og friluftsinteressene, og ber kommunen vurdere ny plassering av naust.*

Vasetløypene har vore i kontakt med fjellstyret for å nytte fjellstyret sin garasje ved Båtåne til parkering for løypemaskinene. Det er ikkje rom til begge maskinene i lageret og det er derfor mest aktuelt å bygge eit nytt lager til løypemaskinene. Det kan vera ei aktuell tomt ved sidan av fjellstyret sitt lager, men det er i følgje Vasetløypene ikkje ei godt skikka tomt. Dei ynskjer i utgangspunktet ei tomt lengre frå sentrum, i området ovanfor Brennabu.

### Vedtak

Fjellstyret har ingen nye merknader til planen, utanom at ein ber om at det blir vurdert å legge til rette for garasje til løypemaskinene i området ovanfor Brennabu.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.9.10

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune  
Statskog  
Vasetløypene